

Årsmelding 1997



Høgskulen i Volda

Innhald

Rektor	s. 3
Høgskuledirektøren	s. 4
Avdeling for humanistiske fag	s. 5
Avdeling for lærarutdanning	s. 6
Avdeling for mediefag	s. 7
Avdeling for samfunnsfag	s. 8
Forskings- og utviklingsarbeid	s. 9
Biblioteket	s. 10
Informasjonsteknologi	s. 11
Personale	s. 11
Styret	s. 12
Bygg og anlegg	s. 13
Kommentarar til rekneskapen	s. 14
Rekneskapen 1997	s. 15

Rektor

Ei viktig målsetting med Norgesnett i høgre utdanning er å få til arbeidsdeling og fagleg profilering ved høgskular og universitet. I styringsdialogen med Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet hausten 1997 blei det frå departementet si side understreka at også Høgskulen i Volda må satse på å styrke profilen framfor å vekse i breidda. HVO har som eitt av sine særtrekk ein kombinasjon av profesjonsutdanningar og fagstudium. I 1997 har styret følgt opp denne profilen ved å søkje om godkjenning for nye studietilbod som byggjer ut vidaregåande studium i fagdisiplinane til mellomfag og storfag. Det er også søkt om å få sette i gang med 3-årig vernepleiarutdanning hausten 1998. Med barnevernspedagog- og sosionomutdanning ligg forholda godt til rette for å gi vernepleiarutdanning. Departementet har gitt pålegg om at utdanningskapasiteten i prioriterte grunnutdanningar i førskulelærer- og allmennlærerutdanning skal haldast oppe. Høgskulen har følgt opp dette, og søkt om å utvide kapasiteten i førskulelærerutdanninga med ein fjerde parallell. Høgskulen har også gitt tilbod om desentralisert førskulelærerutdanning i Kristiansund.

Søkjartala til den høgre utdanninga i 1997 tyder på at studentsøkinga kulminerer. Dei fleste fleirårige yrkes- og profesjonsretta utdanningane og dei fagorienterte studietilboda har hatt god rekruttering også det siste året, men vi registrerer den same nedgangen som har vist seg på landsplan. Denne utviklinga er venta fordi årskulla no blir mindre. I åra som kjem må vi forvente ein viss nedgang i søkinga til grunnutdanningane. Høgskulen må vere budd på å omstille verksemda i takt med desse endringane og ønskja om ei sterkare prioritering av etter- og vidareutdanning.

Kurs, etter- og vidareutdanningsverksemda har auka det siste året. Dette er eit satsingsområde som har høg prioritet også i den nasjonale utdanningspolitikken. Dette arbeidet har for det meste blitt organisert gjennom Kontoret for etter- og vidareutdanning (KEV), som har vore koordinator og initiativtakar for nye tilbod. Vi ser på denne verksemda som stadig viktigare i høgskulens totale engasjement. Det siste året har det vore arbeid for å finne fram til ein god og tenleg organisasjonsmodell for verksemda. Dette arbeidet er gjennomført, og den siste tida har det vore lagt meir vekt på fagleg og pedagogisk utviklingsarbeid for å styrke motivasjonen og prioriteringa av etter- og vidareutdanning. Vi tar sikte på å utvikle nye tilbod, og i sterkare grad ta i



bruk ulike modellar for kombinerte studium og fjernundervisning.

Forskning, utviklingsarbeid og kompetanseoppbygging blir ei stadig meir omfattande og synleg verksemd i høgskulen. Det har i fleire år vore satsa medvete på kompetanseoppbygging for fagpersonalet, og det blir stadig fleire med doktorgrad, førstekompetanse og professorkompetanse. Det har også vore arbeid mykje med å finne fram til ein god organisasjonsmodell for forskingsverksemda ved HVO. Den løysinga som er valt inneber eit organisert og ansvarleg samarbeid mellom Møre-forskning og høgskulen, og det er tilsett ein felles forskingskoordinator. Grunnlaget for denne løysinga er ei oppfatning av at det vitskaplege miljøet ved institusjonane i Volda er best tent med eit medvite samarbeid, der vi kan utnytte våre komparative fordelar. Det er oppretta fire faggrupper som samlar miljøet rundt dei faglege tyngdepunkta der vi har kompetanse til å konkurrere om forskingsoppdrag. Dette ser ut til å vere ei tenleg og fleksibel ordning, som kan justerast etter behov ved at nye forskingsgrupper blir oppretta og etablerte grupper blir lagt ned.

Høgskulen i Volda er ein institusjon innanfor eit nasjonalt Norgesnett for høgre utdanning, men vi vil også vere eit kompetansesenter for regionen, og tar sikte på å utvikle samarbeidet med politiske styresmakter, næringsliv, offentlig sektor

og samfunnsliv for betre å kunne fylle vår regionale rolle. Det inneber at vi må gi eit utdanningstilbod og drive FOU-verksemd som tar opp viktige utfordringar i vår region.

Gunnar Stave
rektor

Høgskuledirektøren

Endå eit år er blitt historie, og også dette året har vore prega av mange milepælar. Eg vil her berre omtale nokre få av dei sakene som har vore synlege i 1997.

Nybygget på Røysmarka er endeleg under realisering. Gravearbeidet starta etter ferien i 1996 og bygginga er no komen godt over grunn-nivået. Etter planen skal vi flytte inn i første halvår av 1998, og det ser ut til å late seg gjere, sidan meldingane seier at byggeprosessen stort sett er i rute. Rett nok har dreneringa vore litt problematisk, men også det ser ut til å finne si løysing. Uansett så har 1997 ført nybygget eit stort og viktig steg framover mot realisering.

Høgskulen har i 1997 fått vedteke ein tilpassingsavtale til Hovudavtalen og dermed har vi lagt fundamentet for samspelet mellom arbeidstakarorganisasjonane og leiinga ved høgskulen. Vi er dessutan i fullt arbeid med å utforme "Personalpolitikk – retningslinjer for det personalpolitiske arbeidet ved HVO". Totalt sett synest eg at samarbeidet mellom organisasjonane og leiinga no er kome inn i eit godt og konstruktivt spor.

Også kommunikasjonen mellom vårt departement og oss er bra, og vi hadde eit stort "Styringsdialogmøte" i Volda 31.10.97, der 9 frå KUF og 25 personar frå HVO tok del. Eg trur dei fleste synest det var ein god og konstruktiv dialog, der

mange gode styringssignal og visjonar vart lufta.

Det internasjonale arbeidet ved HVO har også hatt ei god utvikling i år, m.a. har vi inngått samarbeidsavtale med Høgskolan i Kalmar (Sverige) og Mangalore University (India). Vi har allreide hatt 5 studentar og tilsette til India og vil få ei liknande gruppe hit til Volda.

Vidare kan vi nemne at vi dette året har tilsett felles forskingskoordinator med Møreforskning. Dette er også ein milepæl.

Framleis slit vi med dårleg økonomi og ligg framleis nest sist av høgskulane i Noreg når det gjeld statleg tildeling per student. Etterkvart meiner vi at både departement og Storting har innsett at der er skeivskap mellom høgskulane og at der synest å vere vilje til å gjere noko med det. Vi kryssar fingrar og ser framover med forventning.


Elles har året vore prega av at vi har fått ny rektor. Sverre Måseidvår gjekk frå borde 31.07. og nyrektor Gunnar Stave tok over frå 01.08.97. Dermed er ein epoke over og ein ny tek til. Vi i administrasjonen skal gjere vårt til å legge tilhøva best mogleg til rette for den nye rektoren.

Til slutt vil eg takke alle, både fagtilsette og administrativt tilsette, for godt og konstruktivt samarbeid i 1997, og har tillit til at vi



skal få eit godt år også i 1998, prega av innsats og framgang.

Jan Driveklepp
høgskuledirektør



Avdeling for humanistiske fag

Undervisning og studentar

Avdeling for humanistiske fag (AHF) omfattar fagutdanningar i språk, litteratur og historie. AHF er inndelt i fageiningane Engelsk institutt, Historisk institutt, Nordisk institutt, Tysk institutt og Ivar Aasen-instituttet. Fagutdanningane - engelsk, historie, norsk og tysk - er på universitetsnivå. Fellesnemnarar i avdelinga finn ein i tema som lingvistik, litteraturvitskap, framandspråkopplering og koplinga mellom språk- og litteraturhistorie og regional historie. Avdelinga har 30 tilsette og nærare 500 studentar, og ein del av undervisninga er ved lærarutdanninga ved HVO (engelsk og norsk). I tillegg til dei ordinære studia er tilsette engasjerte ved etter- og vidareutdanningsverksemd og ved desentralisert undervisning, og ved fleire høve i samarbeid med Folkeuniversitetet. I 1997 har aktiviteten vore stor når det gjeld oppfølging av L-97 og etterutdanning av lærarar i grunnskulen i kommunane i Møre og Romsdal.

Forskning og fagutvikling

Fagpersonalet ved AHF deltek i FoU-samarbeid med universitet, forskingsinstitusjonar og andre høgskular, både i inn- og utland. Avdelinga har høg kompetanse m.a. innanfor nynorskforsking (språk, litteratur og kultur), og fagtilsette har delteke i oppbygginga av Ivar Aasen-instituttet, som er tildelt knutepunkt-funksjonen for nynorsk skriftkultur innanfor Noregsnettet. Fleire ved avdelinga har gjennomført eller er i ferd med å gjennomføre doktorgradsprogram. Elles er tilsette ved AHF engasjerte i nasjonale faglege fora, fagråd, forskingsråd, konferansar, utgreiingsutval, m.m.

Tilsette ved Engelsk institutt (4 fagtilsette) har dei siste åra m.a. utarbeidd lærebøker og undervisningsopplegg for grunnskulen. Eit anna FoU-prosjekt har vore bruk av poesi i engelskundervisninga.

Alle tilsette ved Historisk institutt (5 fagtilsette) har drive aktiv forskings- og publiseringsverksemd i 1997. Her kan nemnast Vestlandslærarprosjektet (KULT), bygdebøker for Volda, regionsøge for Nord- og Midhordland og tema frå moderne amerikansk historie i lærebøker. Det har også vore drive tilretteleggjande og rådgivande verksemd for bygdebokprosjekt i Sula, Lesja/Dovre og Lom. Tre av dei tilsette har stått for redaksjonen for det lokalhistoriske tidsskriftet Heimen.

Nordisk institutt (14 fagtilsette) deltek i nordisk samarbeid med høgskular i Danmark og Sverige om lærarutdanning gjennom NORDPLUS. Eit anna samarbeidsprosjekt er om namnegransking og eitt om norsk og nynorsk i USA. Av konkrete FoU-prosjekt kan nemnast: innsamling og registrering av regionalt kjeldemateriale, publisering av uprenta Aasen-materiale, populærkultur/-litteratur og andre litterære studiar, arbeid med nordisk kvinnelitteraturhistorie, og faghistorie. Doktorgradsarbeid for tida er: norskfagets historie i primærutdanninga, om Arnold Eidslott og Theodor Adorno, «Ibsen med Lacan», om Dag Solstad, om «barnet som krisebærer», analyse av Vesaas: «Is-slottet», nylesing av Ronald Fangen, om kvantitetsrelasjonar og stavingsstruktur i norske dialektar, om Ivar Aasens fonologiske metode, om psykoanalyse av tekst og ei evaluering av «Prosjekt medieverkstad».

Tysk institutt (4 fagtilsette) har utvikla internasjonale faglege kontaktar og prosjektsamarbeid som t.d. eit større prosjekt om språk og informasjonsstruktur. Vidare blir det arbeid med lærebøker, studiar i Günter Grass' prosaverk, tysk samtidshistorie og eit nordisk samarbeidsprosjekt om indoeuropeisk ordstruktur.

Ivar Aasen-instituttet har i 1997 fått tilsetjing i to fagstillingar, ei stipendiatstilling og ei professor II-stilling, og den faglege oppbygginga, med programutvikling og prosjektdefinering er no godt i gjenge.

Formidling og samfunnskontakt

AHF har knytt kontaktar og etablert samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar og med ulike offentlege organ og ideelle organisasjonar. Fleire av dei tilsette deltek i formidlingsarbeid med m.a. foredrag og konsulentverksemd, med å

stille til rådvelde kjeldemateriale og ved å delta som styremedlemar i ulike lag og stiftingar. Institutta ved AHF har i 1997 arrangert fleire opne seminar og forelesingar. Norskstudiet for utanlandske studentar (NUS) har gitt mange kontaktar med utanlandske universitet og høgskular. Ivar Aasen-instituttet arrangerte i 1997 tverrfaglege seminar og konferansar, med fokus på programutvikling og definering av forskingsfeltet nynorsk skriftkultur. Ein av dei tilsette ved Historisk institutt har på vegner av datautvalet til Norsk Lokalhistorisk Institutt oppretta og redigert ei dataside for lokalhistorikarar på Internett, som m.a. inneheld diskusjonsforum og ressurside.

Satsingsområde

Av særlege satsingsområde og vidare planar om utvikling av studietilbod kan nemnast: etablering av mellomfagstillegg i engelsk og tysk, med evt. vidare utbygging på lengre sikt. Historisk institutt har arbeid aktivt for å bygge ut studiet vidare over mellomfagsnivå. Ved årsskiftet 1997/98 godkjende departementet eit storfagstillegg i historie omkring temaet «Lokale, regionale, nasjonale og etniske identitetsoppfatningar». Instituttet deltek også aktivt i planlegginga av eit tverrfagleg hovudfag i kulturstudiar, tematisk plassert innanfor knutepunktet nynorsk skriftkultur, som er tildelt Høgskulen i Volda (Ivar Aasen-instituttet). Viktige avklaringspunkt for Ivar Aasen-instituttet i 1997 har vore: organisering, tilsetjingar, fagleg innhald og forskingsfelt, tverrfagleg samarbeid internt og eksternt, nynorsk skriftkultur i internasjonalt perspektiv, m.m.. Frå og med 1998 er det meininga å skilje ut instituttet som sjølvstendig forskingseining med eigen styringsstruktur, og ein vil særleg koordinere verksemda med det andre knutepunktet ved høgskulen: journalistutdanninga ved Avdeling for mediefag.



Avdeling for lærarutdanning

I 1997 hadde avdelinga følgjande fagseksjonar: drama, forming, kroppsøving, matematikk, musikk, naturfag, pedagogikk og samfunnsfag. ALU hadde 59,5 faglege stillingar og ein administrasjon med kontorsjef og tre førstekonsulentar. Avdelinga har hatt dekanus i full stilling og oppretthalde studieleiarfunksjonen for allmennlærer- og førskulelærerutdanningane, kvar i 50% stilling, for å sikre samanheng og heilskap i desse profesjonsutdanningane.

Undervisning og studentar

Avdeling for lærarutdanning har i 1997 gjeve følgjande profesjonsretta studietilbod: fireårig allmennlærerutdanning (om lag 130 studentar pr. årssteg), treårig førskulelærerutdanning (om lag 100 studentar pr. årssteg), treårig førskulelærerutdanning deltid over 4 år (om lag 35 studentar som slutta våren 97, vidareført som fulltidssklasse med om lag 35 studentar frå hausten 97) og eittårig praktisk pedagogisk utdanning for allmenne fag (om lag 30 studentar).

I tillegg har avdelinga gjeve følgjande profesjonsretta studietilbod desentralisert til Kristiansund: førskulelærerutdanning deltid over 4 år (om lag 35 studentar som avslutta v-97, nytt kull starta h-97), praktisk pedagogisk utdanning for yrkesfag, deltid (om lag 35 studentar som slutta v-97, nytt kull teke opp h-97).

ALU har i 1997 gjeve følgjande fagstudium innanfor ordinært budsjett: drama (10 vektal), forming (20), informatikk (10), kroppsøving (20), matematikk (20), musikk (20 – 40), naturfag (20), pedagogikk grunnfag (20), spesialpedagogikk 1. avdeling (10) og pedagogisk arbeid på småskulesteget (10).

Avdelinga har synt etter måten stor aktivitet i 1997 der høgskulen har tilbode desentraliserte, avgiftsfinansierte studietilbod i vår region. Mellom anna har avdelinga gjeve "Arbeidslivskunnskap med vekt på næringsutvikling og distriktsaktiv skule" i samarbeid med BI Kristiansund. I samarbeid med AV-senteret i Volda har avdelinga tilbode Informatikk I (10) og Informatikk II (10) over internett og med studentar over heile landet.

Avdelinga har sett i gang ei omfattande etterutdanningsverksemd for lærarar i grunnskulen i samband med innføring av L97. Så godt som alle kommunane i Møre og Romsdal får fagspesifikke kurs i dei fleste skulefaga frå hausten 97 til og med våren 2000 og etter eit avtala fordelingsmønster.

Forskning og fagutvikling

Vi er vitne til ei aukande interesse for forskning i avdelinga. Ein del enkeltpersonar har gått i førevegen, og så har andre følgt opp. Relativt mange gjev uttrykk for at dei treng støtte og hjelp for å kome skikkeleg i gang. Derfor er kanskje vår største utfordring framleis å byggje opp eit betre støtteapparat for fou-verksemda i avdelinga.

I 1997 har to av fagpersonalet vorte vurdert kompetent til førstekompetanse (førsteamanuensis i matematikk og førstelektor i pedagogikk) og tre har fullført utdanning (drama, heimkunnskap og kroppsøving) som gjorde dei kompetente som høgskulelektorar.

Formidling og samfunnskontakt

ALU har mykje kontakt med andre utdanningsinstitusjonar, særleg innanfor

lærerutdanning, og med samfunnet omkring, særleg skuleverket i eige fylke.

Tilsette har halde førelesingar, kurs og vore med i prosjektprosessar av ulike slag rundt om i heile landet, i enkelte tilfelle også i utlandet. Dessutan har det vore skrive bøker, artiklar og kompendium av personar i avdelinga.

Satsingsområde

Lærerutdanningane i Volda er prega av eit breitt fagtilbod, der eit omfattande tilbod i praktisk-estetiske fag er eit særmerke. Til dømes kan nemnast at Høgskulen i Volda har eige kor, brassband og symfoniorkester (det einaste ved ein høgskule i landet), og desse har sin base både når det gjeld leing og deltaking i Avdeling for lærarutdanning.

Gjennom NORDPLUS har lærarutdanningane i Volda knytt kontakt med Høgskolan i Kalmar (Sverige) og Holbæk Seminarium (Danmark), i første omgang på leiarplan, men også med eit forsøk på studentutveksling og deltaking på fagleg seminar (Kalmar). Vi legg opp til å utvide det internasjonale engasjementet.

Politiske signal viser at lærarutdanningane er blant dei studietilboda som skal prioriterast på landsplan. Den gode søkinga til lærarutdanningane i Volda dei seinare åra vart i 1997 snudd til ein klår nedgang. Med ny rammeplan for allmennlærerutdanninga og praktisk pedagogisk utdanning frå hausten 1998 er det vanskeleg å forutsjå korleis utviklinga vil vere for fagmiljøa i avdelinga. Med stor underdekking av lærarar i landet er det likevel lite tvil om at lærarutdanning vil vere prioritert på politisk hald på lang sikt.



Avdeling for mediefag

Undervisning og studenter

Avdelinga gir tilbod om to-årige, yrkesretta utdanningar i journalistikk, informasjon og animasjonsfilm. I tillegg har vi eitt-årig påbyggingsstudium i dokumentarfilm og fjernsynsreportasje og gir desentraliserte tilbod om halvårseiningar i mediekunnskap.

Avdelinga har studietilbod som får mange søkjarar med gode kvalifikasjonar. Det krevst høge poengsummar og avdelinga er godt nøgd med kvaliteten på studentane. Hausten 1997 var det om lag 200 studenter ved vår avdeling. Avdelinga har 19,5 stillingsheimar.

Avdelinga arbeider med å profilere alle yrkesutdanningane i høve til ei felles, overordna målsetting der oppgåvene til media for og i eit demokratisk samfunns-system er det sentrale.

Forskning og fagutvikling

Avdelinga har valt anvendt forskning som profil på forskingsaktiviteten. Fleire knutepunktrelaterte forskingsprosjekt er i arbeid, også med ekstern finansiering. Av tiltaka som er gjennomførte i 1997 vil vi særskilt peike på:

Forskings- og utviklingsarbeid

- Journalister til salgs? Ein rapport om sponing og tekstreklame i media av Svein Brurås.
- Fjernsynshyheiter. Produksjonsrettleiing for studenter av Eivind Rønnestad.
- Radioordboka. Ein gjennomgang av aktuelle ord og uttrykk av Jon Peder Vestad

Det er ymse prosjekt i arbeid innanfor emnet kringkastingsjournalistikk.

Eigarstrukturar i media er tema for eit doktorgradsarbeid.

Utgreiingsarbeid

- Rapport om kringkastingsforskning i Norge og Norden ved Borghild Gramstad og Trine Syvertsen.
- Rapport om knutepunkt og norgesnett ved Ketil Jarl Halse.

Avdelinga har doktorgradsstipendiat i samarbeid med Universitetet i Bergen og har lyst ut professorat i medievitenskap

Formidling og samfunnskontakt

Avdelinga har god kontakt med bransje- og produksjonsmiljøa innan våre område i Noreg. Effektive praksisordningar og mange samarbeidsprosjekt/oppdrag med næringsliv og offentleg verksemd skaper tovegskontakt som gir god nytte for alle paratar.

Studentane vert og oppmoda til å leggje fram vellukka studentarbeid i media. Dette er med å sette Høgskulen i Volda på kartet og gjev studentane realistiske røynsler.

Satsingsområde

Høgskulen i Volda har knutepunktfunksjon i mediefag med særleg ansvar for radio- og fjernsynsjournalistikk. Dette er resultatet av ei bevisst satsing frå høgskulen si side for å framheve verksemda ved avdelinga og å profilere dette i høve til dei andre utdanningsinstitusjonane i Noreg som har tilbod i mediefag.


For å styrke den teoretiske basisen for avdelinga vil vi framleis satse på å etablere

grunnfagsutdanning i medievitenskap ved HVO. Vi arbeider og for å få i gang hovudfagssamarbeid med Institutt for kunst og medievitenskap ved NTNU (knytt til dokumentarfilmstudiet) og med Institutt for visuell kommunikasjon ved Statens håndverks- og kunstindustriskole (knytt til animasjonsutdanninga).

Internasjonalisering

Det organiserte, internasjonale samarbeidet har først og fremst vore knytt til arbeidet i Den nordiske samarbeidskomiteen for journalistutdanning. Gjennom NORDPLUS-programmet har vi fått student frå Finland til dokumentarfilm-utdanninga. Under den nordiske medieforskarkonferansen deltok tilsette i arbeidsgrupper om journalistforskning og public service-kringkasting. Samarbeidsavtalen med Department of Mass Communication & Journalism ved Mangalore University i India har resulterert i utveksling av lærarar og studenter. Tilsette frå høgskulen har gitt undervisning i regional produksjon av fjernsynshyheiter. Studenter frå Volda arbeidde samstundes med indiske studenter for å utvikle fjernsynsforteljingar frå indisk daglegliv og kultur. Seinare kjem ei indisk gruppe til Høgskulen i Volda.

Tilsette på animasjonsutdanninga har hatt juryoppgåver på sentrale europeiske animasjonsfilmfestivalar og undervisningsopplegg om nordisk animasjon i Stockholm og Bratislava. Ved Ottawa Int. Student Animation Festival vart HVO nominert som ein av dei fem beste animasjonsutdanningane.



Avdeling for samfunnsfag

Avdeling for samfunnsfag (ASF) tilbyr høgre utdanning innanfor Kommunal-fag, Kristendoms-kunnskap og kyrkjefag, og Sosialfag. Avdeling har 34 faglege stillingsheimlar og 2 bistillingar. I januar 1997 tiltredde Rune Slagstad professor II. Slagstad vil særleg bli trekt inn i forskingsverksemda ved høgskulen og fungere som ein fagleg rettleiar for personalet.

Studenter og undervisning

Studia ved ASF varer frå 1 til 4 år, og dei fleste utdanningane er retta inn mot administrativt arbeid innanfor offentleg forvaltning. Dette gjeld m.a. kommunal planlegging, kyrkjeverje- og sosionomutdanning. Avdelinga er i tillegg engasjert i ei rekkje etter- og vidareutdanningstilbod. Dette gjeld t.d. kombinerte trygdestudium, kurs i regional planlegging, og kurs i leing for offentleg tilsette. Det har vorte vedteke setje i gang eit prosjekt som skal styrke satsinga på etter- og vidareutdanning ved avdelinga. Dette prosjektet startar opp i mars 1998.

Studentmålet for avdeling for samfunnsfag er 565. Desse er fordelt med 255 på sosialfag, 210 på kristendoms-kunnskap og kyrkjefag og 100 på kommunalfag. Sosialfag og kommunalfag oppfylte måltala, medan kristendoms-kunnskap og kyrkjefag fekk tilslag noko i underkant av måltala. Kandidatproduksjonen i 1997 var også god. Avdelinga uteksaminerte t.d. 29 barnevernspedagogar, 40 sosionomar, 30 kommunale planleggjarar og 3 kateketar.

Nye studietilbod

Det er i løpet av året arbeidd ut planar for nye aktivitetar. Det er laga kursplanar for kyrkjeverjestudentar, fjernundervisningskurs for kristendoms-lærarar, regionale kurs for lærarar i høve LR 97, kurseiningar i forvaltnings-kunnskap, prosjektarbeid (samarbeid med NKS og HiL) Agenda 21, klagerett, vernepleie, rettleiingspedagogikk, rusmiddelomsorg og examen philosophicum for å nemne noko.

Studiekvalitetsarbeid

Kandidatundersøking

På oppdrag frå ASF starta Møreforskning Volda (MFV) hausten 1996 arbeidet med ei kandidatundersøking. Denne undersøkinga tek sikte på å kartlegge arbeids- og utdanningsmarknaden kandidatane skal ut på, og kva som skjer med studentane etter at dei har fullført utdanninga ved høgskulen. Bakgrunnen for denne undersøkinga

er at ein med jamne mellomrom bør finne ut om utdanningane kvalifiserer kandidatane på den måten ein har føresett.

Eit poeng er også den umiddelbare nytten ein kan ha ved å nytte delar av undersøkinga i samband med informasjon og studentrekruttering.

Undersøkinga, som vart finansiert med 4/5 over avdeling for samfunnsfag sitt budsjett og med 1/5 av høgskulen sine strategiske midlar, vart fullført i april/mai 1997. Møreforskning avslutta sitt oppdrag i samsvar med føresetnadene.

Det er aktuelt å skrive ein rapport på grunnlag av datamaterialet, og å nytte data frå undersøkinga i marknadsføringa av våre studium. Det er også aktuelt å gjennomføre ei ny kandidatundersøking allereie i 1999, og samtidig følgje opp respondentane frå den første undersøkinga. Møreforskning vil vere aktuell samarbeidspartnar også ved ei ny kandidatundersøking.

Forskning og fagleg utvikling


Tilsette ved avdelinga har arbeidd med fleire større forskings og fag-utviklingsprosjekt i 1997, og avdelinga kan

syne til ein stor produksjon av artiklar i tidsskrift, lærebøker, bidrag til lærebøker og førelesingar i inn- og utland.

Skjematisk oversyn over vitenskaplege publikasjonar frå avdeling for samfunnsfag 1997:

Kategori	Tal
Tidsskriftartiklar, bidrag bøker	45
Bøker /rapportar utgjevne på forlag	6
Avslutta arbeid som ikkje er utgjevne på forlag	28
Konferansebidrag	58

Dei siste åra har vore prega av sterk kompetanseoppbygging blant fag-personalet. Fleire av medarbeidarane er inne i doktorgradsprogram, eller andre kompetansegevande løp, og vi har gjennomført ei kandidatundersøking som dannar eit godt utgangspunkt for vidare utvikling av studia våre. Det er tilsett fast i eitt professorat, i tillegg er det tilsett professor i bistilling, ein medarbeidar har oppnådd professorkompetanse, og 2 doktorgradar er avslutta i 1997.



Forsknings- og utviklingsarbeid

Generelt om forskningsverksemda

Styret for Høgskulen i Volda har vedtatt eit strategidokument for forsknings- og utviklingsarbeid ved høgskulen (dokument mai 1996). Målet for FoU-aktiviteten ved HVO er at forskning og fagutvikling skal bli meir omfattande og synleg i høgskulen. Andelen av den eksternt finansierte FoU-aktiviteten bør aukast. Samarbeidet med Møreforskning Volda held fram, og frå 1. september 1997 har Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda felles forskningskoordinator. Høgskulen har også ein førstekonsulent, knytt til biblioteket, som arbeider spesielt med publisering og dokumentasjon.

Forskningsutval og forskningsgrupper

Høgskulen har eit forskningsutval med rektor som leiar, representantar frå forskningsgruppene og leiinga ved Møreforskning Volda. Basis for organisering av forskningsverksemda er forskningsgruppene. Arbeidet i gruppene er knytt både til oppdragsforskning og kompetansearbeid, og går på tvers av avdelingane ved høgskulen. I 1997 var fire forskningsgrupper etablerte:

- Gruppe for utdanningsforskning og kultur (GRUK)
- Gruppe for planlegging, organisering og styring (POS)
- Helse- og sosialforskningsgruppa (HOS)
- Faggruppe for kristendom og kyrkjefag (FAKK)

Ei forskningsgruppe for media og samfunn (GRUMS) vil bli oppretta i 1998.

Høgskulen i Volda har knutepunkt-funksjonar i nynorsk skriftkultur og mediefag. Knutepunkta er basis for forskinga som skjer innanfor desse felta.

Gruppene har fungert noko ulikt, men av aktivitetar kan nemnast følgjande:

- Opne seminar med tilreisande fagfolk/forskarar.
- Faglege forum der forskarar ved HVO/MFV legg fram tema, prosjekt o.l.
- Møte i tilknytning til forskningsprogram og søknadsførebuing.
- Gruppene vert også brukte til å profilere forskningsmiljøa utetter (nasjonalt/internasjonalt).

Tidsbruk på forskning- og utviklingsarbeid (FoU-arbeid)

Tidsbruk til FoU-arbeid varierer mellom ulike stillingskategoriar. Men i gjennomsnitt var 30 - 35% av arbeidstida til fagleg tilsette avsett til FoU-arbeid i 1997. Internt ved HVO har ein starta drøftingar om ei meir formell differensiering mellom dei ulike stillingskategoriane. Dette vil innebere at dei med høgare fagleg kompetanse kan, og skal, nytte større del av arbeidstida si til FoU-arbeid enn dei med lågare kompetanse. Drøftingane om dette vil halde fram.

Publisering

Høgskulen i Volda (HVO) og Møreforskning Volda gir ut tre felles skriftseriar: *Forskningsrapport*, *Arbeidsrapport* og *Notat*. Ivar Aasen-instituttet ved HVO har eigen skriftserie: *Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet*. I 1997 blei det gitt ut 37 skrifter i desse seriane. Men mykje av produksjonen frå forsknings- og utviklingsverksemda (FoU- verksemd) fell utanfor skriftseriane. Det gjeld tidsskriftartiklar, bøker og rapportar utjevne på forlag, konferansebidrag og produksjonar frå mediefaga og dei praktisk/estetiske utdanningane ved HVO.

For å kunne dokumentere og synleggjere forskningsverksemda ved HVO på ein betre måte har høgskulen frå og med 1996 nytta forskingsdatabasen FORSKDOK. Førebels har vi tatt i bruk modulen FORSKPUB. Registrering av prosjekt i FORSKPRO er det neste målet.

Vi laga for første gong vår eiga trykte FoU-melding for 1996 utifrå materialet i denne basen. Ei oversikt over den registrerte produksjonen ved Høgskulen i Volda vert vist i tabellen nedst på sida. Tala under er baserte på meldingar og registreringar frå dei tilsette. Det er grunn til å tru at den faktiske produksjonen er noko større enn tala i tabellen viser.

Eit anna tiltak for å synleggjere forskningsverksemda ved HVO, både lokalt og regionalt, er deltakinga vår i dei landsomfattande Forskningsdagane. I 1997 deltok HVO saman med MFV med 21 foredrag og eit seminar om *forskningsformidling*. I tillegg var det bokutstillingar på begge bibliotek-avdelingane ved høgskulen og på Folkebiblioteket i Volda. Høgskulen ga ut eiga informasjonsavis på 20 sider og eit flygeblad med program og spesiell fokusering på seminaret. HVO hadde pressedekking i media, både på avis og radiosida. Programmet var også lagt inn på Internett, og vi var med i programavisa til Norges Forskningsråd.

Doktorgrader

Av fagpersonalet ved høgskulen (fast tilsette 1997) har 15 tilsette doktorgrad. Ein tok doktorgraden i 1997, og 17 er i gang med doktorgradsarbeid.

Oversikt over registret produksjon ved Høgskulen i Volda 1997

FoU-arbeid	AHF	ALU	AMF	ASF	Andre	Sum
Tidsskriftartiklar, kap. i bøker m.m.	27	22	20	48	0	117
Bøker/rapportar	9	3	1	6	0	19
Avslutta arbeid, ikkje gitt ut på forlag	10	23	11	28	1	73
Konferansebidrag	28	24	9	69	0	130
Andre resultat	0	10	1	0	0	11
Sum	74	82	42	151	1	350
Faglege stillingsheimlar	28,5	58,5	19,5	34	-	140,5

AHF: Avdeling for humanistiske fag. ALU: Avdeling for lærarutdanning. AMF: Avdeling for mediefag. ASF: Avdeling for samfunnsfag.

Biblioteket

På lengre sikt er biblioteket sitt arbeid forankra i lova om universitet og høgskular, og i Høgskulen sitt strategidokument. Begge dokumenta understrekar kravet om kvalitet i høgskulen sitt arbeid, og set dette kravet inn i ei nasjonal og internasjonal ramme av undervisning og forskning på høgt nivå. Biblioteket si fremste oppgåve er å vere formidlar.

Året 1997 var dominert særleg av desse forholda:

- Nybygget kom opp, og den konkrete planlegginga av bibliotekdelen kunne gjennomførast
- Biblioteket gjennomførte arbeidet med ein organisasjonsplan for biblioteket i nyehuset
- Dei elektroniske hjelpemidla - særleg Bibsys og dei internasjonale netta - utvikla nye tilbod som biblioteket tok i bruk steg for steg.

Personale

I 1997 hadde biblioteket full bemanning i dei faste stillingane, og dessutan eit engasjement frå september. Det har vore eit godt arbeidsår, utan lange sjukepermisjonar. Personalet har hatt mange utfordringar å gje seg i kast med: nye funksjonar og nye tilbod innafor IT, flytteplanar, organisasjonplan. Samtidig skal tenestene til publikum helst bli betre år for år. Det er grunn til å understreke den innsatsen bibliotekpersonalet har gjort i løpet av året. Høgskulen har eit erfarent, kunnskapshungrig og effektivt personale i biblioteket.

Drift

Det var ein auke i aktiviteten på dei fleste av dei områda som kan målast, men ikkje like mykje over alt, og ikkje dramatisk. Det mest typiske er ein auke på ein del prosent år etter år:

Lokalt utlån:	36000, opp 3.4% frå 1996
Utlån i alt:	38700, opp 3.1%
Fjernlån ut:	2800, opp 7,2%
Fjernlån inn:	3507, ned 7.5%

Nedgangen i fjernlånet inn er interessant, dersom det ikkje er berre midlertidig, for der har vi før hatt sterk auke år for år. Dersom ei slik utvikling varer ved, kan det tyde at samlingane dekkjer betre også dei meir perifere behova. Dessutan minkar forskjellen mellom inn og ut. Held det fram slik, yter vi snart like mykje til det nasjonale lånefellesskapet som vi tek mot frå det.

Utlånet direkte til våre eigne fjernstudantar vil utgjere ein større del av utlånet etter

kvart som aktiviteten aukar i fjernundervisninga.

Nybygg og samanslåing

Det meste om nybygget må kome i neste årsmelding. Men i 1997 vart biblioteket der synleg og konkret i nybygget, medan det før fanst berre på teikningar. Innreiinga er teikna i slik detalj at vi har kunna starte planlegginga av korleis vi vil disponere funksjonar og samlingar. Flyttinga må vi gjennomføre sommaren 1998. Biblioteket er elles bra førebudd: Samlingane er registrerte i Bibsys i all hovudsak, og bibliotekpersonalet har gjennomført ei større sanering av dubletter o.l. Ein god del av dei har gått til Nasjonalbiblioteket. Dei vert registrerte og lånte ut der derifrå.

Forskdok

Forskningsdokumentasjon er ei viktig oppgåve som nå sorterer under biblioteket. 1997 vart det eigentlege startåret for dette arbeidet, som såvidt tok til i 1996. Førstekonsulenten har gjort eit stort nybrottsarbeid her, og ein årsrapport for 1996 vart gjort klar. Dessutan går arbeidet vidare med registrering av 1997-produksjonen, som vi vonar å få klar i vårsemesteret 1998. Det må gjerast mykje arbeid undervegs med å tilpasse systemet og oppmuntre dei tilsette til å rapportere. Basen kjem seg steg for steg, og er trass alt det beste rapporteringssystemet som er tilgjengeleg. Ennå står her att mykje utviklings- og instruksjonsarbeid.

Kompetanseheving

Bibliotekpersonalet deltok i eksterne og interne kurs i den grad reisemidlane kunne dekkje dette. Stor nytte har vi hatt av Bibsys-kurs i Volda, der mange har kunna vere til stades. Periodika-kurset var ein

føresetnad for at vi fekk tatt i bruk periodika-modulen i full breidde


I 1997 vart det gjort vedtak om at ein av avdelingsbibliotekarane skulle få ei større tildeling på FoU-løyvinga, til bruk i 1998. Det galdt ei utdanning i bruken av IT i biblioteket. Utdanninga tok til i 1997 og varer ut 1998. Biblioteket yter ein del til utdanninga av biblioteket sin reisevott. Det er sær viktig, prinsipielt og fagleg, at det kjem slike løyvingar til bibliotekpersonalet. Det hevar kompetansen i biblioteket og ved høgskulen.

Brukarane

Ei av dei største utfordringane for biblioteket er å bli brukt. Biblioteket legg til rette for ressursar og tenester som ikkje fanst for berre eit år eller to sidan; i svært mange tilfelle slik at brukarane kan nå dei ute i verda frå sin eigen arbeidsplass. Somme tenester er gratis, når ein får lagt dei til rette, andre betaler biblioteket for av budsjettet sitt. Ennå har miljøet i for liten monn tatt desse ressursane i bruk, og gjort dei til ein del av studium, undervisning og forskning.

Det ligg eit ansvar på heile miljøet for å utforske den delen av desse nye kanalane som særleg vedkjem faget til kvar einiskild. Og det ligg eit ansvar på biblioteket til å rettleie, oppmuntre og demonstrere. I det nye huset vil biblioteket ha eit lite kursrom som gjer dette mogeleg på ein heilt annan måte enn i 1997, då vi ikkje var særleg fornøgde med resultatata på dette området.

I spørsmålet om denne høgskulen skal vere framstående eller middelmådig, er denne kompetansehevinga eit avgjerande moment.



Personalkontoret

Høgskulen i Volda hadde i 1997 143,5 faglege og 49,5 administrative stillingsheimlar.

Ved utgangen av 1997 hadde personalkontoret følgjande oversikt over personalet: 238 tilsette/engasjerte administrativt-, undervisnings-, drift- og reinhaldspersonale og 111 øvingslærarar engasjerte v/ førskulelærarutdanninga. I tillegg kjem ei rekkje personar knytt til høgskulen gjennom timeoppdrag.

Kompetanse

I undervisningspersonalet har skulen no 15 personar med fullført doktorgrad og 5 tilsette har professorkompetanse.

Etter søknad om kompetansevurdering i 1997 har 3 fått godkjent lektor- og 1 førstelektorkompetanse.

Utlisingar

39 stillingar har blitt utlyste:

Undervisning/vitskapleg:

22 annonsar/27.5 stillingar
(5 faste stillingar)

Administrative/drift:

17 annonsar (7 faste stillingar)

Personalpolitikk

Personalsjef Sverre Tverberg leverte til

høyring til avdelingar, administrative kontor og organisasjonar følgjande utkast, dat. 15.10.97: «Personalpolitikk - Retningslinjer for det personalpolitiske arbeid ved Høgskulen i Volda.»

Etter forhandlingar med tenestemannsorganisasjonane 18.11.97 vart ein samd om avtaletekst i «Tilpassingsavtale til hovudavtalen for Høgskulen i Volda.»

Informasjonsteknologi

Internett

700000 har vore innoom høgskulen sine Internett-sider. Dette var hovudoppslag på ei 4 siders utgåve av Svela 14. november 1997. Vi les vidare i Svela at frå slutten av juni og fram til då hadde altså nesten sjuhundre tusen vore inne på høgskulen sine web sider. Dagleg klikkar fleire tusen seg inn på HVO. Ein typisk besøkande er inne på sidene på ein sein ettermiddags- eller kveldstid. I snitt varer besøket i femti sekund. Totalt var det 687.000 treff på heimesida til HVO. For dei som klikka seg vidare var dei mest populære sidene kurs- og etterutdanning med 179000 besøkande. Avdeling for samfunnsfag hadde 117000, humanistiske fag 43000, mediefag 17000, lærarutdanning 13000, biblioteket 8000 og forskning- og utvikling 1200. September var månaden med størst aktivitet.

Web


Denne statistikken gjev eit bilete av kor viktig verdensveven (World Wide Web) er blitt for marknadsføringa av HVO, og at det er ein naturleg informasjonskanal for mange. For at dette skal fungere er det naudsynt med eit samarbeid mellom fleire. IT kontoret har det tekniske ansvaret for maskin og programvare. Informasjonskonsulenten har det redaksjonelle ansvar og avdelingane har sine sider med profilering av studietilboda. I tillegg har biblioteket,

etter- og vidareutdanningskontoret, og eit par av dei andre kontora i administrasjonen ansvar for sider.

Datanett i studentbustadene

Studentsamskipnaden i Volda etablerte kabel-TV og nytt tele- og datanett for 400

bueiningar hausten '97. Studentar som har eigen PC kan, ved å kjøpe seg eit nettkort, kople seg opp mot høgskulen sitt student datanett. Dette gjer at dei får gratis tilgang til Internett. Studentane kan sitte i fred og ro heime i studentbustaden med sine private datamaskinar. Det er mellom 70-80 studentar som har dataoppkopling.



Styret

Samansetjing i perioden 16. oktober 1996 – 1. august 1997

Interne representantar

Rektor Sverre Måseidvåg, styreleiar
Prorektor, professor Jørgen Amdam, nestleiar
Førsteamanuensis Jorunn Hetland (AHF)
Førsteamanuensis Gunnar Strøm (AMF)
Førsteamanuensis Narve F. Birkeland (ALU)
Førstesekretær Hilde Trandal

Studentrepresentantar *

Gry Merethe Hovdenak
Vibeke Bergsholm

Eksterne representantar

Disponent Toril Fiskerstrand
Førsteamanuensis Kathrine Skretting
Kommunelege Bjørn Martin Aasen

Interne vararepresentantar

Førsteamanuensis Peter Hallaråker (AHF)
Amanuensis Ketil Jarl Halse (AMF)
Førstelektor Reidun Åslid Bjørlykke (ALU)
Førstekonsulent Anders Roald

Student-vararepresentantar

Arild Skillinghaug
Johan Magnus Aanderaa

Eksterne vararepresentantar

1. Professor Kari E. Wærness
2. Fylkeutdanningssjef Andreas Bachmann
3. Fakultetsdirektør Per Eivind Kjøl

Styresamansetjing i perioden 1. august 1997 - 1. august 1998

Interne representantar

Rektor: førsteamanuensis Gunnar Stave, styreleiar
Prorektor: førsteamanuensis Arne Kåre Toppol, nestleiar
Professor Per Magne Aadnanes (ASF)
Høgskulelektor Marie Nedregotten Sørby (AHF)
Professor Peder Haug (ALU)
Førstesekretær Hilde Trandal (Biblioteket)

Studentrepresentantar

Vibeke Bergsholm, 2. Informasjon
Gunnar Otto Norby, 1. Fjernsyn

Eksterne representantar

Kommunelege Bjørn Martin Aasen
Oppvekstsjef Haldor Aasebø
Lektor Aud Folkestad

Interne vararepresentantar

1. Førsteamanuensis Gunnar Strøm (AMF)
2. Høgskulelektor Arnfinn Haug (ALU)
3. Førsteamanuensis Roar Amdam (ASF)
Konsulent Ragne Ørstavik Sørheim
(Kontor for studieadministrasjon)

Student-vararepresentant

Kirstina Reitan, 1. Informasjon

Eksterne vararepresentantar

1. Politisk redaktør Harald Kjølås
2. Seniorkonsulent Sverre Devold
3. Trykkesjef Beret Melle

* Studentrepresentantane blir valde for 1 år. Andre styrerepresentantar blir valde for 3 år.

Bygg og anlegg

Høgskulen i Volda hadde ikkje endringar av disponible lokale i 1997 i forhold til siste del av 1996. Høgskulen sa opp dei leigelokale som skal falle bort når nybygget (Berte Kanutte-huset) blir teke i bruk vårvart 1998. For ombyggingsdelen avdeling lærarutdanning av prosjekt 93036 har framdrifta i 1997 vore så lita at dei disponible leigelokala for desse formåla har blitt forlengd med eit år til.

Ombygging ved ALU

Etter initiativ frå Statsbygg og KUF for ombygging ved Avdeling for lærarutdanning sette HVO opp eit premissnotat (04.04.97) som la vesentlege føringar for den vidare prosjektering av dette byggearbeidet. I desse vurderingane var også kjøp av paviljongen Nedretun av Volda kommune og oppussing av Brakketun. Diverre kom ein ingen veg med å konkretisere

tilpassing av desse bygga i -97. Skisser til ei større oppussing av Idrettsbygget vart framlagt for HVO i oktober 1997.

Høgskulen har i 1997 oppnådd å formidle kontakt mellom Volda kommune og Statsbygg om sal av Ivar Aasen - huset (2300 kvm).

Nybygget

Høgskuletilsette kunne i heile 1997 følgje med i framdrifta av nybygget som tok til å vise sine dimensjonar ved årsskiftet 96/97. Ved årsskiftet 97/98 var den mest hektiske byggefasen over, og møbleringsarbeidet var i full gang. Anbud på møblar og utstyr gjekk ut i desember 1997.


Hans Strøm-huset

Sjølv om Hans Strøm-huset var teke over av Statsbygg som ny eigar pr 01.07.96 kom ingen aktivitet i gang av den nye

eigaren i 1996 med sikte på å legge til rette bygget for HVO. Etter forhandlingar i 1997 fekk ein opp ein avtale om oppussing og ominnreing frå det tidspunkt biblioteket og administrasjonen flytta ut av huset sommaren 1998. Ramme for dette vart oppretta ved at Statsbygg Midt-Norge ved kontrakt 03.07.98 fekk behalde den etter måten høge leiga pr kvm for å disponere den ei tid framover til oppussingsformål.

Kristiansund

For drifta i Kristiansund vart det inngått ny leigeavtale for lokale i august 1997. Dette gjeld det same bygg på Løkkemyra, men med visse justeringar og ein ny utleigar som frå dette tidspunktet disponerer bygget.



Om tala i rekneskapan

Høgskulen i Volda fekk tildelt ei netto ramme til ordinær drift på vel 106,4 millionar kroner. I tillegg fekk høgskulen eit tilskot til større investeringar og ombyggingar på vel 5,8 millionar kroner. Av dette var 2,5 millionar kroner ei startløyving til utstyr i nybygget. Inkludert overføringane frå 1996 var dei statlege overføringane 109 millionar kroner til driftsbudsjettet og 7 millionar kroner til investeringar og ombyggingar. Tabellen nedst på sida syner også at av ei total driftsramme på 124,6 millionar kroner har vi skaffa inntekter på vel 8,4 millionar frå andre kjelder.

Det totale målalet vårt i 1997 var 2221 studentar, og totale heiltidsekvivalentar var i 1997 registrert til 2 147 inkludert eigenfinansierte studentekvivalentar frå verksemda for kurs, etter- og vidareutdanning. Netto ordinære løyvingar per studentekvivalent i 1997 inkludert løyving til husleige, var etter dette kr 49 500. Ser vi bort frå løyvinga til husleige, fekk vi tildelt kr 42 300 per registrert studentekvivalent.

Ut over dette har Høgskulen rekneskapsført utgifter knytte til oppdragsverksemda på vel 1,6 millionar kroner. Tilsvarande sum og ein sum til inndekking av inntektskravet frå oppdragsverksemd er overført frå interimskontoar for oppdragsinntekter, til saman kr 1 891 000.

Ordinære utgifter utgjorde 112,2 millionar kroner eller 90,1 % av den totale disponible ramma i 1997; av dette 63,4 % til løn og 36,6 % til varer og tenester. Tilsvarande tal frå 1996 er 109,7 millionar kroner, 91,6 % av total disponibel ramme, fordeling 62 % til løn og 38 % til varer og tenester.

Tabellen på neste side viser rekneskaptala for 1997 delt på driftspostar og med høve til å sjå på utviklinga frå og med 1995.

Denne tabellen gir også eit oversyn over korleis dei ordinære driftsutgiftene fordeler seg på dei ulike driftspostane. Av totale driftsutgifter til varer og tenester på 41 millionar har 19,4 millionar kroner gått til drift av bygningar, av dette 15,5 millionar til husleige.

KJELDE

Kvar midlane kom frå i 1997

Alle tal i heile tusen kroner

Nettoløyvingar frå KUF til ordinær drift	106 438	85,4 %
Løyvingar frå Statens lærarkurs	328	0,3 %
Overføringar frå 1996 til ordinær drift	2 325	1,9 %
Løyvingar frå KUF til investeringar og ombyggingar	5 845	4,7 %
Overføringar frå 1996 til investeringar og ombyggingar	1 209	1,0 %
Inntekter til ordinær drift	6 566	5,3 %
Inntekter frå oppdragsverksemda, overført frå interimskontoar	1 891	1,5 %
SUM	124 602	100,0 %

BRUK

Slik vart midlane nytta i 1997

Alle tal i heile tusen kroner

Lønsutgifter knytte til ordinær verksemd	71 131	57,1 %
Varer og tenester knytte til ordinær verksemd	41 091	33,0 %
Utgifter knytte til Statens lærarkurs	328	0,3 %
Overføringar til 1998 til ordinær verksemd	3 107	2,5 %
Investeringar og ombyggingar	4 962	4,0 %
Overføringar til 1998 til investeringar og ombyggingar	2 092	1,7 %
Utgifter knytte til oppdragsverksemda	1 653	1,3 %
Tilbakeførte inntekter frå oppdragsverksemda	238	0,2 %
SUM	124 602	100,0 %

Rekneskapen

REKNESKAPSTAL FOR 1995, 1996 OG 1997

Post	Postnemning	Rekneskapstal for 1995	Rekneskapstal for 1996	Rekneskapstal for 1997	Ramme frå KUF for 1997
	<i>Utgifter ved ordinær drift (kapittel 0274 og 0281)</i>				
01/1	Organiserte stillingar, sum	47,561	49,446	51,374	
01/2	Engasjerte og ekstrahjelp	735	812	928	
01/3	Deltidsløner, sum	6,736	7,279	7,539	
01/5	Reinholdspersonell	1,554	1,721	1,734	
01/7	Styrer, utval	61	31	46	
01/9	Vikarstipend	310	299	710	
01/8	Arbeidsgjevaravg.	8,035	8,402	8,800	
	Sum ordinære lønsutgifter	64,992	67,990	71,131	65,066
11/1	Maskinar, inventar, sum	2,231	1,935	1,858	
11/2	Forbruksmateriell	3,867	4,308	4,346	
11/3	Reiseutgifter, sum	5,127	4,961	5,115	
11/4	Kontortenester m.m.sum	2,566	2,765	2,720	
11/5	Bibliotekutgifter	1,221	1,589	1,209	
11/6	Ymse driftsutgifter inkl. kjøp av undervisningstenest	6,982	6,904	6,672	
11/7	Vedlikehald transportmidl.m.m.	20	11	17	
11/8	Vedlikehald bygg, anlegg	211	175	87	
11/9	Drift bygningar, lokalleige	19,096	19,348	19,395	
	Sum ordinære utgifter til varer og tenester	41,321	41,996	41,419	47,489
	Sum brutto ordinære løns- og driftsutgifter	106,313	109,986	112,550	112,555
	<i>Inntekter ved ordinær drift (kapittel 3274)</i>				
02	Sal av materiell/refusjonar	3,136	3,404	4,256	
11	Kursinntekter	2,040	1,987	1,414	
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	971	891	555	
16	Refusjon fødselspengar	450	284	341	
	Sum totale inntekter 1995/1996/1997/inntektskrav -97	6,597	6,566	6,566	3,464
	Sum netto ordinære løns- og driftsutgifter	99,716	103,420	105,984	109,091
	Nettoramme frå KUF	102,261	105,744	109,091	
	Overføringar til neste år frå den ordinære drifta	2,545	2,324	3,107	
	<i>Investeringar/ombyggingar (kap. 0274 og 0281)</i>				
45	Store nyinnkjøp	2,397	4,693	4,745	6,837
46	Ombyggingar, store vedlikehald	240	243	217	217
	Sum investeringar/ombyggingar	2,637	4,936	4,962	7,054
	Total ramme frå KUF	4,275	6,145	7,054	
	Overføringar til neste år frå investeringar /ombyggin	1,638	1,209	2,092	
	<i>Oppdragsverksemd (kapittel 0274 og 3274)</i>				
21	Sum oppdragsutgifter	988	1,198	1,653	
01	Sum oppdragsinntekter	1,114	1,364	1,891	
	Inntektsoverskot ved oppdragsverksemda	126	166	238	
	Pålagd tilbakeføring av oppdragsinntekter	238	238	238	238

Ramma inkluderer overføringar frå føregåande år og løyvingar frå Statens lærarkurs.



Høgskulen i Volda